

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord
Tid/Sted: Måndag 29.10.19 kl 15 – kl 19.30
Tilstede: Svein Slåtsveen, Bjørn Arne Skoglund, Tone Rubach, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen
Forfall:
Kopi til: Vara AU Nord, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 29.10.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styret Merethe orienterte om gjennomsnittleg engrospris neste år, omsetningsavgift, tap i Noridane, totalmarknad, NOVA/SAP, status utgreiing Nortura Otta, dyrevernsaka i Solør, Mjøskjøtt og Mjøskylling og konkurransesituasjonen i tilførselsmarknaden. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Etterspurnad og utsiktene for egg frå miljøinnreiingVert det tatt høgde for fråfall av tilførselar ved evt nedlegging av Otta-anlegget?Klima og dyrevelferd må også takast omsyn til ved evt nedlegging Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
2	Orientering frå konsernrådsmøtet 24.10 Svein orienterte om at i tillegg til økonomi, var inntransportprosjektet eit tema. Vidare om dyrevernsaka i Solør som har versert i sosiale media, presentasjon av ny konsernsjef, tap i Noridane, diskusjon om handheving av leveringsplikta og korleis nå fram med informasjon. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Kva er status for Nortura Otta? Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.	
3	Orientering frå Medlem og Drift region Nord Svein Inge orienterte om tilførselane til anlegga, noko treg start på haustsesongen, utfordring med teljedato og skyving av storfe og møte med Animalia 06.11 i Målselv med tema klassifisering. Liten salsauke på Thulefjord, som no vert Gilde-merka. Inntransportprosjektet, med mål om 4 mill i innsparing i region Nord. Foredling i region Nord, der kjedene sine lager i regionen er viktige. <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none">Kretsleiarar har sakna kommunikasjon om at det var behov for meir lam i starten av sesongen.Status retur, nisje og medlemskjøp?Nokon som klagar på klassifisering storfe? Mange seier dei ikkje har fått tilbakemelding på klage.Viktig med påverknad, både internt i Nortura og politisk, for landbruk i region Nord.Lage ein plan for politisk påverknad?Svein føreslo at han, Bjørn Arne og Tone tek eit tlf møte for å diskutere	

- mogelegheitene for påverknad internt, politisk og mot kjedene.
- Jobbe internt i Nortura i staden?
- Legge fram bekymringa for konsernsjef og styreleiar i RU-møtet

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 4 **Høyringssak: Effektiv og rasjonell samhandling bonde i Nortura**
 Brit Kari gjekk gjennom innspela frå kretsane. Ho ynskte innspel frå AU på korleis dette bør jobbast vidare med.

Innspel/kommentarar:

- Fokusere på enkelte av tiltaka som er nemnt i høyringa, og jobbe med dei
- Synleggjere kva ting kostar for den enkelte, og kvifor, t.d. henting på ein bestemt dag og at grisen som er innmeldt er solgt.
- Tema på fagmøter
- Setje tal på kva ekstra-tida til opplasting kostar
- Kan aldri informere for mykje. Ei samanstilling av høyringsnotatet sendast alle medlemar? Framover no presentere konkrete tal for å kunne sjå ei utvikling.
- Kort info på avrekningsbrevet
- Konkurransen mellom regionane på t.d. antal dyr utan individnr
- Tema på kretsmøta, for oppfølging. Eigne fagmøter i kretsane?

Vedtak: Innspela frå kretsane vert oversendt frå Regionutvalsmøtet til styret.

-
- 5 **Førebuing av RU-møtet**
 Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen, og separate møter for dyreslaga vart diskutert.

Innspel/kommentarar:

- Kan det brukast eit anna ord enn "orientering", verkar passiviserande.
- Spørsmål om Angusavtalen kjem truleg under Open post.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 6 **Orientering frå fagutvala og ansvarsretsane**
 Bjørn Arne orienterte om at det i fagutval egg er sett i verk planlegging av dyrevelferdstiltak 2.0, som framtidsretta tiltak.

Ragnhild orienterte frå fagutval småfe om nedgang i produksjonen, men også i sal, særleg industrisalet.

Bente orienterte om at tilleggsytingar vert diskutert i fagutval gris. Behov for eit positivt løft.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

-
- 7 **Eventuelt**
 Brev til AU frå kretsleiarane Øyvør Åsbakk og Hans Elling Angell vart drøfta. Svein har fått inntrykk av at spørsmåla vert stilt i RU-møtet. Merethe og Bente er førebudd på å svare.